

Protokoll frå årsmøte IL Bjørn 2016.

Tid: Onsdag 2. mars 2015 kl 19.00
Stad: Luster ungdomsskule.
Til stades: 30 personar.

Sak 1. Opning

Leiar Bjørn Tore Årøy ønske velkomen.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

1. *Innkalling og sakliste vart godkjend*

Sak 3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å signera protokollen

Samrøystes vedtak:

1. *Anders Steinar Molland vart samrøystes vald til møteleiar.*
2. *Siv Randi Leirdal vart samrøystes vald til referent.*
3. *Johannes Stenehjelm og Sigmund Sandvik vart samrøystes valde til å signera årsmøteprotokollen*

Sak 4. IL Bjørn sitt engasjement ved Sogn Skisenter

Ove Oklevik orienterte om prosjektet for utviklinga av anlegget for vinteridrett ved Sogn Skisenter. Tore Sønnesyn orienterte om IL Bjørn si deltaking i prosjektet og skigruppa sitt syn på saka.

I høve framlegget frå styret i sakspapira vart det gjort to endringar. Punkt 3 går ut og løyving til hoppbakkane vert lagt inn i punkt 1. Endringa av innstilling vart gjort av styret etter forslag frå medlemmane og at det opprinnelege forslaget fall i prøverøysting.

Det vart ellers vektlagd frå årsmøtet at kravet (d) til løypemaskin er viktig for IL Bjørn. Tilhøva i langrennstraseane ved Sogn skisenter er ikkje i dag gode nok for aktive skiløparar.

Samrøystes vedtak:

1. *IL Bjørn løyver kr. 100.000,- til kvart av dei tre prosjekta for langrenn (delprosjekt 3, 4, 5) og kr. 50.000,- til kvar av hoppbakkane (K10 og K20). Løyvinga kjem under føresetnad av:*
 - a. *Spelemiddelløyving*
 - b. *Kommunalt tilskot*
 - c. *At Hafslø IL løyver ei tilsvarande løyving til langrennsdelen*
 - d. *At det blir kjøpt inn ei egna løypemaskin dedikert til bruk i langrennstraséen*

2. Løyvinga vert utbetalt i delbidrag etter kvart som dokumentasjon på vilkåra ovanfor føreligg.

Sak 5. Godkjenning av bussvedtektene 2016 - 2021

Hovudstyret sin revisjon av bussvedtekter ligg ved saksdokumenta.

I denne revisjonen ligg det inne at idrettslaget ikkje lenger skal eiga bussen sjølv, men inngå ein leasingavtale for fem år av gangen. Det er ein føresetnad at størstedelen av kostnaden med leasing av bussen vert dekkja av sponsorar på bussen. Lengda på sponsoravtalar skal difor fylgja leasingperioden.

Samrøystes vedtak:

1. *Dei framlagde bussvedtektene vert godkjende slik dei ligg føre.*
2. *Hovudstyret v/ styreleiar får fullmakt til å teikna leasingavtale med varigheit inntil fem år.*

Sak 6. Godkjenning av anleggsplan 2016 – 2018

Framlegg til anleggsplan 2016 - 2018 ligg ved saksdokumenta.

Det er viktig å merka seg at denne planen inneheld tiltak som, når dei blir realisert, vil binda idrettslaget økonomisk både til bygging og drift i mange år framover. I fyrste rekke gjeld dette Luster Idrettspark, som er eit omfattande prosjekt både i direkte investeringar og langsiktige kostnader til drift.

Samrøystes vedtak:

1. *Den framlagde revisjonen av anleggsplanen for 2016 - 2018 vert godkjend.*
2. *Hovudstyret får fullmakt til å inngå avtale med ein tredjepart for å gjennomføra eit forprosjekt som skal føra til idrettsfunksjonell godkjenning for Luster Idrettspark.*

Sak 7. Godkjenning av hovudstyret og gruppene sine årsmeldingar for 2015

Hovudstyret og gruppene sine årsmeldingar for 2015 ligg ved saksdokumenta. Årsmeldinga til motorsportgruppa vart framlagd skriftleg og gjennomgått på årsmøtet.

Samrøystes vedtak:

1. *Dei framlagde årsmeldingane for 2015 frå gruppene vert godkjende slik dei ligg føre.*
2. *Den framlagde årsmeldinga for 2015 frå hovudstyret vert godkjend slik den ligg føre.*

Sak 8. Godtgjersle til dekking av tillitsvalde sine utgifter

Samrøystes vedtak:

1. *Godtgjersle for dekking av tillitsvalde sine utgifter vert godkjent som framlagd:*

Rolle	Godtgjersle inntil
Leiar i hovudlaget	kr. 10 000,-

Anleggsansvarleg i hovudlaget	kr. 10 000,-
Økonomiansvarleg i hovudlaget	kr. 10 000,-
Nestleiar i hovudlaget	kr. 2 000,-
Gruppeleiarar / Utvalsleiarar	kr. 2 000,-

Sak 9. Medlemskontingent 2017

Samrøystes vedtak:

1. Medlemskontingenten for 2017 vert godkjend slik som framlagd (uendra i høve 2016):

Gruppe	Årskontigent 2017	Årskontigent 2016
0 - 3 år	kr. 300,-	kr. 300,-
4 - 12 år	kr. 500,-	kr. 500,-
13 - 18 år	kr. 1 000,-	kr. 1 000,-
Aktiv over 18 år	kr. 1 500,-	kr. 1 500,-
Trim over 18 år	kr. 1 000,-	kr. 1 000,-
Støttemedlemmer og tillitsvalt/trenar	kr. 250,-	kr. 250,-

Sak 10. Godkjenning av rekneskap 2015

Rekneskapen ligg ved saksdokumenta og er gått gjennom av revisorane og funnen rett.

Samrøystes vedtak:

1. Den framlagde rekneskapen for 2015 vert godkjend.

Sak 11. Godkjenning av budsjettet for 2016

Framlegg til budsjett ligg ved saksdokumenta.

Samrøystes vedtak:

1. Det framlagde budsjettet for 2016 vert godkjend.

Sak 12. Val

Valkomiteen sitt framlegg vart justert på årsmøtet og samrøystes vedteke.

Sidan valkomiteen sitt framlegg mangla einskilde postar fekk hovudstyret fylgjande fullmaktar:

1. Fullmakt til å velja anleggsansvarleg i inntil 2 år.
2. Fullmakt til å velja ein medlem til handballstyret som skal fungere som leiar.
3. Fullmakt til å velja ein medlem til fotballstyret som skal fungere som leiar.
4. Fullmakt til å velja ein medlem til barneidrett som skal fungere som leiar.

5. Fullmakt til å velja tre manglande medlemmar til volleyballgruppa.

Følgjande personar vart valde:

Utval	Funksjon	Namn	valperiode
Hovudstyret	Leiar	Bjørn Tore Årøy	1
	Nestleiar	Anne Merethe Kvalsøren	2
	Økonomi	Ann Kristin Sperle	1
	Sekretær	Siv Randi Leirdal	2
	Medlemsansvarleg	Randi Norberg	2
	Anleggsansvarleg		2
	Bussansvarleg	Rune Døsen	Ikkje på val
	Sponsoransvarleg	Hermund Myklemyr	2
	Ungdomskontakt	Henrik T Lefdal	Ikkje på val
Sponsorutval	Leiar	Sponsoransvarleg	
		Magnar Kroken	1
		Paul Morten Bjørk	Ikkje på val
Handballgruppa	Leiar		2
		John Oddvar Vinda	2
		Oddmund Hoel	Ikkje på val
		Jorunn Skålvik	2
Fotballgruppa		Lasse Hærum	2
		Frank Harberg	1
		Line Pedersen Døsen	1
		Roy Kenneth Teigen	Ikkje på val
		Åge Lie	2
Skigruppa	Leiar	Tore Sønnesyn	Ikkje på val
		Oddmund Lefdal	Ikkje på val
		Randi Marie Tandle	1

Trimgruppa	Leiar	Liv Nystuen	2
		Arne Nesheim	Ikkje på val
		Terje Halveg	2
Barneidrett	Leiar		
		Lisbeth Olstad Servold	1
		Arve Bjørnetun	1
		Øyvind Christiansen	2
Symjegruppa	Leiar	Orsi Szechey	Ikkje på val
		Ronald Velthuijs	Ikkje på val
		Maria Molland	2
		Janne Teigen	2
		Anne Kjær Schmidt	2
Anleggskomite	Leiar	Anleggsansvarleg	
		Martin Oma	Ikkje på val
		Kent Olav Karoliussen	Ikkje på val
Revisorar		John Bukve	1
		Gunnar Ruud	1
Friidrettsgruppa	Kontaktperson	Linda Øvregard Røhme	2
Volleyballgruppa	Kontaktperson	John Børre Veum	2
Motorsport	Leiar	Kjell Arne Stegegjerdet	Ikkje på val
		Johannes Flohaug	Ikkje på val
		Bjørn Berge	Ikkje på val
		Tom Rune Fristad	Ikkje på val
		Hans Olav Hellesøe	Ikkje på val

Etter at vala var føreteke gav møteleiar ordet tilbake til styreleiar Bjørn Tore Årøy som takka møteleiaren og overrakte blomar for god innsats.

Det vart også delt ut blomar til eit knippe medlemmar som har utmerka seg med framifrå innsats i idrettslaget over fleire år: Johannes Stenehjøm, Sigmund Sandvik, Linda Tuften og John Oddvar Vinda.

I tillegg fekk Erling Bjørnetun (Luster Kommune) ein blomster som idrettslaget sin takk for god hjelp og rettleiing.

Gaupne, 3. mars 2016

Protokollen er lesen og godkjent:

Siv Randi Leirdal

Siv Randi Leirdal
-Referent-

Sigmund Sandvik

Sigmund Sandvik

Johannes Stenehjøm

Johannes Stenehjøm